



Båtbygginga var eit av dei populære innslaga under Oselvarfestivalen (foto: Vidar Langeland)

– Usannsynleg god stemning

Stor bildeserie: Oselvarfestivalen blei ein kjempesuksess!

Av: Andris Hamre (<mailto:andris@midtsiden.no>) Søndag, september 3, 2017 - 09:18

Laurdag blei Oselvarfestvialen arrangert i og rundt Oselvernaustet, Oselvarverkstaden og ikkje minst på Oselvo. Kor mange som var innom dei fire timane arrangementet varte er uvisst.

– Det vi kan slå fast er at det var veldig mykje folk og veldig god stemning. Det var fleire som lurte på korleis vi får det til.

– Vêret er ein nøkkelfaktor når ein arrangerer ting som dette, og denne gong tek Stine Kobbeltvedt og eg fullt ansvar for det, ler Kjetil Osablod Grønvigh i kultureininga i Os kommune.

Over 200 leikebåtar

Eit av dei populære innslaga var bygging av leikebåtar.

– Det har aldri blitt produsert så mange båtar på Os som det blei laurdag. Over 200 båtar gjekk ut i løpet av dagen. Det var mange ivrige båtbyggjarar.

– Vi lukkast også med å få folk ut i oselvarane. Eg har ikkje tal på kor mange som rodde seg gjennom naturstien, men også den var populær. Det gjekk fire timar non-stop.

Tverrpolitisk samarbeid

Dei politiske partia som er i valkamp stilte nær sagt sjølvsagt opp med stands på festivalen.

– For å få lov å stilla ut måtte dei melda seg på i rokonkurransen. Eg har ikkje resultata frå konkurransen, men det blei ein god kamp.

– Det som var kult med dei politiske partia var at denne gang fekk dei ikkje stille med telt, bannerar og liknande. Det var det rett og slett ikkje plass til. I staden blei det valkamp på gamlemåten, kor det einaste dei hadde var snakketøyet og det som fekk plass på bordet framfor dei.

0 kommentarer

Sorter etter **Eldste**



Legg til en kommentar ...

[Programtillegg for Facebook-kommentarer](#)